

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - juni 2010 42. årgang

*Å nei, for dag Vårherre gav!
Så skirt om fjell, så svalt i
hav!
Så linn ei luft, så høgt om
haug!
Og dette sæle solskinnslaug!*

Arne Garborg




Foto: Liv Ragnhild Lassen



Ubler i mosen på Undheim?
side 4



Nytt frå Immanuelkyrkja
side 10



Reiser ut som misjonærer
for tredje gang
side 12



Rådgjevarar i Sør Etiopia
side 14

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks 51 77 03 60

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Prost Kjell Børge Tjemsland tlf. 41 63 80 48

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 91 15 71 05

Prostiprest Gunnar Frøyland tlf. 95 87 38 47

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69

Diakon: Ann Iren Tjelta Ravndal tlf. 95 89 55 85

Sekretær Bryne sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 72

Sekretær Time sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 72

Sekretær Undheim sokneråd:

Herdís Lindal tlf. 48 02 73 04

Sekretær- Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77

Sekretær- Siri Vik tlf. 51 77 03 76

Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 90 94 23 04

Konsulent Tor Aase tlf. 51 48 34 82

Time kyrkje og kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne kyrke tlf. 51 48 28 08

Prosjektleiar trusopplæring: tlf. 51 48 85 10

Jorunn M. Ueland tlf. 51 48 85 10

Time

Organist: Oddny Underhaug tlf. 51 48 32 84

Kyrkjetenar: Marit Undheim tlf. 51 48 25 31

Soknéradsleiar: Amund Undheim tlf. 51 48 43 09

Klokkar: Sofie Braut tlf. 51 48 43 09

tlf. 98 65 51 28

Bryne

Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad tlf. 51 48 28 08

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 41 27 28 62

Organist, Per Olav Egeland tlf. 99 61 91 21

Klokkar Leif Andenes tlf. 51 48 66 68

Soknéradsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 93 83 16 23

Barne- og ungdomsarbeidarar: tlf. 51 77 03 68

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 95 17 89 71

Leiar forsamlingsstyret: tlf. 404 01 214

Vegard Hanssen tlf. 404 01 214

Undheim

Prest: Per Børge Hillestad tlf. 51 48 68 20

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 93 44 29 19

Soknéradsleiar: tlf. 5148 45 55

Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 43 07

Ungdomsarbeidarar: tlf. 901 85 969

Anders Undheim tlf. 99 62 61 75

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

e-post:

helgedagen@time-kyrkja.no

Til ettertanke



Gunnar Frøyland

At dei må vera eitt

"Eg bed for alle dei som gjennom deira ord kjem til tru på meg. Eg bed om at dei alle må vera eitt, liksom du, Far, er i meg og eg i deg. Slik skal dei òg vera i oss, så verda skal tru at du har sendt meg." Det er Jesus som bed slik i Johannes 17,20-21.

Det var gamle Jakob på Fogn som lærte meg det heilt grunnleggende i dette å vera eitt med framande og ukjente søsken i trua. Eg hadde invitert eit par som spelte tekpop og vitna om Jesus. Mange stakk fingrane i øyro for å dempa lyden. Det var den absolutte kulturkollisjon. Jakob, godt 70 år gammal sat der, klappa på dei rette stadene , og smilte frå eit ope ansikt. Etterpå spør eg Jakob: Kva synest du? Han ser på meg og seier trygt. "Musikken var fæl, men eg kjende igjen Jesus. Derfor er eg glad dei er her." Det grunnleggende kriteriet for å stå saman som kristne er at me kjenner igjen Jesus hos kvarandre.

Jesus seier: "Som far har sendt meg til verda, har eg sendt dei til verda." Jesus blei sendt til verda for at me skulle læra Gud å kjenne gjennom Jesus. Me er sendt til verda for at verda gjennom oss skal læra å kjenne Jesus og læra å kjenne Far gjennom han.

Den Heilage Ande fornyar vårt indre menneske. Når Anden fornyar vårt indre menneske slår det ytre sprekker. Og gjennom det som i seg sjølv er ufullkome og vondt skin noko nytt fram. Gjennom det ufullkomne vert den fullkomne synleg og trudd.

Når bibelen seier at Jesus framleis bed for oss og at Anden går i forbønn for oss, då er det dette Jesus og Anden bed om, at me må vera vigde til Jesus, slik at Jesus og Far vert æra gjennom oss. Som Jesus seier i bergpreika. "så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen." Matt.5,16

Einskapan mellom kristne viser seg der kristne lever slik at menneska dei lever mellom ser Jesus i deira liv. Då er dei eitt med kvarandre. Då er dei eitt med Jesus som har sendt dei.

Gunnar Frøyland

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd

Redaksjon: Else- Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid. Layout og trykk: Jærprint.

Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net og må må vera oss i hende innan 20.august. Neste nr. kjem ut ca 6. september. Ver vennlig å senda stoff til Helgedagen **innan** fristen.

Sein Salme

Ik - ke al - le da - ger er li - ke,
al - le ei på gle - de er ri - ke. Ik - ke hver en
dag ny - ter sje - len samme ro, men hver en dag jeg
kan på Je - sus tro. Hal - le - lu - ja, hal -
le - lu - ja, at hver en dag jeg kan på Je - sus
tro! Hal - le - lu - ja, hal - le - lu - ja, at
hver en dag jeg kan på Je - sus tro!

En sang jeg er blitt glad i

I sangen "Ikke alle dager er like" har jeg funnet trøst og styrke når Gud synes langt borte og det har vært tunge ting å bære. Da gir denne sangen meg nytt håp og kraft til å gå videre. Ikke minst viser den meg hvor jeg skal gå for å finne han som gir styrke og tilgivelse for mine synder.

Tor Ree

Ikke alle dager er lette. Noen vil på prøve meg sette.

Ikke hver en dag er mitt hjerte fylt av fred.

Men hver en dag Guds nåde varer ved.

:/: Halleluja, halleluja, at hver en dag Guds nåde varer ved :/:

Ikke alle dager er klare. Stundom jeg i skodde må fare.

Ikke hver en dag kan jeg Herrens vei forstå.

Men hver en dag jeg kan til Jesus gå.

:/: Halleluja, halleluja, at hver en dag jeg kan til Jesus gå! :/:

Ingen dag jeg nåden er verdig. Hver en dag jeg dog er rettferdig.
Skulle så en dag synes særlig tung og slem.

Den fører meg dog nærmere mitt hjem.

:/: Halleluja, halleluja. Den fører meg dog nærmere mitt hjem! :/:

Sigvard Engeset Sangboken nr. 514

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,
kto.nr. 3325.25.07057

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time
kto.nr. 3325.21.30859

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste
ungdomsarbeidet, Undheim
kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kapell - gåver
kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,
kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad
kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidet på Lye
kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside
<http://www.time-kyrkja.no>



NMS Gjenbruk på Bryne

Saronsbrotet 3, 4340 Bryne

Tlf. 951 06 028

Opningstider:

mandag/fredag	kl. 10 - 17	lørdag	kl. 10 - 14
---------------	-------------	--------	-------------

Vi har møbler og mykje anna, kom innom og sjå!



FRETEX

Vi gir folk grunn til å tro på framtiden

Fretex Butikksalg

Meierigata 17, 4340 Bryne

Tlf. 51 48 56 50 - www.fretex.no

Opningstider:

mandag/fredag	kl. 10 - 18	lørdag	kl. 10 - 15
---------------	-------------	--------	-------------

UGLER i mosen på Undheim?



Flotte traktorar!



Stolte gutar med flotte gevinstar!

Leiarar og ein del av gutelaget



Nei, dette var ikkje ugler, men gutar frå gutelaget UGLA på Undheim som hadde basar i kapellkjellaren rett før påske!

7. desember 1976 hadde dette laget sitt første møte. Ola Mellemstrand og Amund Undheim har vore lei- arar heilt frå starten, og i dag er det i tillegg fleire vaksne som hjelper til: Gunnar Undheim, Åsbjørn Tjemsland, Kjell Einar Soldal, Nils Arne Fosse og Tor Gauksås.

Kven kan vera med?

Gutar frå 4. klasse og oppover, og dei fleste går i 4. – 6. klasse. 10 – 15 gutar møter opp annakvar tysdag.

Program?

Innhaldet på møta varierer. Andakt og ja/- nei-spørsmål med sjokoladepremie er faste innslag. Dei har hatt kveldar med landhockey og kosekveld med pizza. Ein kveld er dei i Mellemstrandvatnet og trekkjer garn. Då grillar dei fisk og kosar seg. Om våren har dei gjerne ein leirkveld, der NMS sine sommarleirar blir presenterte. I tillegg til alt dette, har dei og fått prøva seg på bogeskyting. Før jul er dei heime hos ein av leiarane, og gutelagssesongen blir avslutta med tur. Det manglar ikkje på kreative sjeler på Undheim. Her er mykje gildt å vera med på i UGLA!

Basar

Det blir jo ikkje basar utan at det er noko å loddna ut. Difor skriv dei til Kvinesdal etter halvfabrikata. Det blir det flotte gevinstar av! Og masse kjekt arbeid! Litt lokale halvfabrikata kjem der og, så bordet var fullt av fine ting før basaren starta.

Kjekke gutter i UGLA



Kva går pengane til?

Både i fjar og dette året går 4000 kr til Madagaskar. Resten, om lag like mykje, går til NMS sitt arbeid. Madagaskar-pengane har sin spesielle bakgrunn: Dotter til Ola Mellemstrand, Turid, er gift med ein gassar, Rado Rabenorolahy. Han kjenner til born og unge som får vera med på eit KRIK-liknande tilbod, kristent tilbod til idrettsinteresserte born og ungdommar på Madagaskar.

Fotballutstyr er mangelvare der, det same er brukbare fotballbanar. Pengane frå UGLA-basaren er kjærkome tilskot her. Difor er Undheimsgutane ivrige, både til å laga gevinstar og selja lodd.

"Dette er veldig kjekke gutter, ein flott gjeng, avsluttar leiarane med eit smil.

LHH

Foto: Liv Helene Øyre Håland og Tor Gauksås

Grilling er stas!



Stolt produsent!



Glad fiskar!



*Garntrekking i
Mellemstrandvatnet*





Jærlang
arrangerer
SOMMARKVELD
I
BRYNE-KYRKJA
fredag 11. juni kl. 19.30

- Jærlang
 - Trompetspel ved Åsulf Kvammen
 - Kåre Hetland fortel om gamle dagar på Bryne
 - KM-karane frå Etne kjem (sjå omtale på side 7)
 - Mykje allsong
 - Kveldstankar ved Jens Olav Mæland
 - Stein Ødegård orienterer om glasutsmykkinga som er under arbeid i kyrkja
 - Matøkt
 - Gratis entré
- Kollekt til utsmykkingsarbeidet
VELKOMMEN!

**PILEGRIMSVANDRINGAR I JÆREN PROSTI
LANGS DEN GAMLE KONGEVEGEN I HÅ**


Jonsok, torsdag 24. juni kl. 18.00 v/ Gunnar Frøyland
Frå Tusenårspllassen ved Obrestad hamn til Kristkrossen på Njærheim

Olsok, torsdag 29. juli kl 17.00

v/ Kjell Børge Tjemsland
Frå Grødal land til Varhaug gamle kyrkjegard
Friluftsgudsteneste v/ Jan Roald Dahlstrøm på Varhaug gamle kyrkjegard kl. 19.00

Sundag 26. september kl. 14.00

Frå Hå gamle prestegard til Kristkrossen på Njærheim
Anne-Sofie Haarr deltek. Tema: Mikkelsmess
Tilrettelagt for heile familien.
Tobias Skretting deltek på vandringane med kulturhistoriske stopp.
Nærare informasjon: Time kyrkjecontor: tlf 51770377
Sjå og www.time-kyrkja.no



FRILUFTSGUDSTENESTE VED FOTLANDSFOSSEN

Sundag 20 juni 2010 kl.11.00

Vibå spelemannslag

Dåp

Prostiprest Gunnar Frøyland

Ved dårleg ver blir gudstenesta i Time kyrkje


Etter gudstenesta er Fotland mølle open

Sal av kaffi og lappar

Tekstilkunstnaren Turid Steinsland har utstilling i mølla

Ta også ein tur innom kraftstasjonen

Parkering på P-plass ved mølla og P-plass ved kraftstasjonen



**Skal du besøka nokon eller ventar du gjester?
Kva med å gi eit minne frå Time?**

"På kyrkjeveg" er ei bok du vil glede andre med. Du kan kjøpa den hos bokhandlarane Orre Libris, Koinonia og Bok og Media, eller på Time kyrkjecontor.
Boka kostar kr. 300,-.

KM-karane på Bryne 11. juni

Dette er ein triveleg gjeng av bedehus- og kyrkjefolk frå Etne – bygda, fortel Torunn Mæland. Ho og mannen, Jens Olav Mæland, var prestefolk i Etne i 12 år, så dei kjenner godt til korgjengen. Torunn har også vore med og spelt trekkspel.

Koret er tilsutta KFUK/KFUM, difor namnet KM-karane. Karane begynte eigentleg å samlast for å arbeida til inntekt for "Utsikten". Staden var tidlegare eit lite hotell opp mot Seljestad, men vart lagt ut for sal og kjøpt av KFUK/KFUM. "Utsikten" blir nå driven som leirstad, og her hjelper KM-karane til med pengestøtte. Dei samlast kvar veke i ein verkstad for å produsera gevinstar til den årlege basaren sin.

Songarane starta som ein kvartett, men vart så utvida til rundt 20 medlemmer. Dei syng om lag ein gong i månaden, rundt om på bedehus og kyrkjer på Haugalandet og i Vindafjord.

Repertoaret er variert, alt frå "Pengegaloppen" - til "I Herrens hender", som er deira song. På den årlege Etne-marknaden er dei ryddegjeng, og dei er i det store og heile aktivt med på kulturelle tiltak i bygda.

Dei syng av hjartans lyst, seier Torunn, både med og utan dirigent. Dirigenten nå er Sigrid Klungland, og du kan høyra dei på sommarkvelden til Jærklang 11. juni i Bryne-kyrkja.





Gi til NMS – få skattefradrag!

DET NORSKE MISJONSSELSKAP
BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER VERST

Vi har alt innen trykksaker

JÆRPRINT
TRYKKERI & DESIGN

952 99 844

Nærradioen
JÆREN MISJONSSTUDIO
med godt nytt

Trygghemsveien 13, 4365 Nærø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

Sendetider

Mandag:	08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag:	08.30 - 09.00
Onsdag:	08.30 - 09.00/17.30 - 18.00 19.30 - 21.00
Torsdag:	08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag:	08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Sommar i kyrkjene i Jæren prosti 2010



Time kyrkje



Bryne kyrkje



Undheim kapell



Frøyland Orstad kyrkje



Klepp kyrkje



Bore kyrkje



Orre kyrkje

Du er hjarteleg velkommen til å oppleva fellesskapet også i ein annan kyrkjelyd

Sundag 20. juni 4. s. e. pinse

- Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Stein Ødegård. Per Olav Egeland.
- Friluftsgudsteneste ved Fotlandsfossen kl 11.00. Dåp. Gunnar Frøyland. Oddny Underhaug.
- Ogna kyrkje kl 11.00. Nattverd. Gaute Ø. Rasmussen. Geir Palle Haarr.
- Nærø kyrkje kl 11.00. Nattverd. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.
- Oltedal kyrkje kl 11.00. Nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Arne Waremo.
- Ålgård kirke kl 11.00. Nattverd. Egil S. Eide. Sigmund Haaland.
- Bore kyrkje kl 11.00. Familiegudsteneste. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.
- Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Arnt Askildsen. Elling Hodne.

Onsdag 23. juni – Jonsokafta

- Orre kyrkje kl 19.00. Åsmund Steinnes. Arne Hadland.

Torsdag 24. juni – Jonsok

- Piligrimsvandring. Start kl 18.00 frå 1000-årspllassen ved Obrestad hamn til Kristkrossen på Njærheim.

Sundag 27. juni 5. s. e. pinse

- Bryne kyrkje kl 11.00. Nattverd. Gunnar Frøyland. Oddny Underhaug.
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Gaute Ø. Rasmussen. Morten Helvik.
- Nærø kyrkje kl 11.00. Dåp. Roald Byberg. Bjarte Lending.
- Ålgård kirke kl 11.00. Dåp. Sigve Sande. Ragnhild E. Hoel.
- Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Dåp. Andreas Haarr. Hilde Svela.

Sundag 4. juli 6. s. e. pinse

- Time kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Stein Ødegård. Oddny Underhaug
- Ogna kyrkje kl 11.00. Dåp. Roald Byberg. Bjarte Lending.
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Nattverd. Gaute Ø. Rasmussen. Morten Helvik.
- Gjesdal kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Sigve Sande. Arne Waremo.
- Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Andreas Haarr. Ove Byberg.

Sundag 11. juli 7. s. e. pinse

- Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Gunnar Frøyland. Vigdis Frøyland
- Nærø kyrkje kl 11.00. Dåp. Roald Byberg. Bjarte Lending.
- Dirdal kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Sigve Sande. Ragnhild E. Hoel.
- Bore kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Arnt Askildsen. Ove Byberg.

Sundag 18. juli 8. s. e. pinse

- Undheim kapell kl 10.30. Gunnar Frøyland. Oddny Underhaug
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Roald Byberg. Geir Palle Haarr.
- Ogna kyrkje kl 19.00. Nattverd. Roald Byberg. Geir Palle Haarr.
- Oltedal kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Sigve Sande. Ragnhild Hoel.
- Orre kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Arnt Askildsen. Ove Byberg

Sundag 25. juli 9. s. e. pinse

- Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Stein Ødegård. Per Olav Egeland
- Nærø kyrkje kl 11.00. Nattverd. Jan Roald Dahlstrøm. Geir Palle Haarr.
- Ålgård kirke kl 11.00. Dåp. Nattverd. Vikarprest. Organist Ragnhild E. Hoel.
- Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Dåp. Nattverd. Åsmund Steinnes. Arne Hadland.



Nærø kyrkje

Torsdag 29. juli - Olsok

- Pilegrimsvandring. Start kl 17.00 fra Grødal land til Varhaug gamle kyrkjegard.
- Varhaug gml. kyrkjegard kl 19.00. Jan Roald Dahlstrøm. Friluftsgudsteneste, ta med stol.
- Gjesdal kyrkje kl 19.00. Vikarprest. Organist Arne Warem.
- Orre kyrkje kl 19.00. Dåp. Nattverd. Åsmund Steinnes. Arne Hadland



Varhaug kyrkje

Sundag 1. august 10. s. e. pinse

- Time kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Per Olav Egeland.
- Ogna kyrkje kl 11.00. Dåp. Jan Roald Dahlstrøm. Geir Palle Haarr.
- Varhaug kyrkje kl 09.30. Nattverd. Jan Roald Dahlstrøm. Geir Palle Haarr.
- Oltedal kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Vikarprest. Organist Arne Warem.
- Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Åsmund Steinnes. Arne Hadland.



Ogna kyrkje

Sundag 8. august 11. s. e. pinse

- Bryne kyrkje kl 11.00. Nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Per Olav Egeland.
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Jan Roald Dahlstrøm. Geir Palle Haarr.
- Nærø kyrkje kl 11.00. Dåp. Gaute Ø. Rasmussen. Anne Marit Wold.
- Ålgård kirke kl 11.00. Dåp. Oddbjørn Stangeland. Sigmund Haaland.
- Bore kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Åsmund Steinnes. Arne Hadland



Ålgård kirke

Sundag 15. august 12. s. e. pinse

- Time kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Per Olav Egeland.
- Ogna kyrkje kl 11.00. Nattverd. Gaute Ø. Rasmussen. Geir Palle Haarr.
- "Perlå", Ålgård kl 11.00. Gudsteneste i forbindelse med Vannfestivalen. Oddbjørn Stangeland.
- Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Dåp. Andreas Haarr. Hilde Svela.



Gjesdal kyrkje

Sundag 22. august 13. s. e. pinse


- Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Stein Ødegård. Oddny Underhaug.
- Friluftsgudsteneste Lyeparken kl 12.00. Dåp. Gunnar Frøyland.
- Undheim kapell kl 10.30. Dåp. Per Børge Hillestad.
- Ogna kyrkje kl 11.00. Nattverd. Roald Byberg. Morten Helvik.
- Nærø kyrkje kl 11.00. Nattverd. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.
- Varhaug kyrkje kl 09.30. Nattverd. Roald Byberg. Morten Helvik
- Gjesdal ungdomsskule kl 10.30. Nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Oddbjørn Stangeland.
- Ålgård kirke kl 12.00. Nattverd. Innsetjing av ny prest. Kjell Børge Tjemsland. Oddbjørn Stangeland.
- Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Andreas Haarr.
- Orre kyrkje kl 11.00. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.
- Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Nattverd. Storsamling.



Oltedal kyrkje



Dirdal kyrkje



Nytt fra Immanuelkyrkja

Tårnet på Immanuelkyrkja er nå ferdig restaurert. Det er til og med plassert kors på toppen av det, fleire år etter at korset blei tatt ned frå kyrkjetårnet. Det viste seg for ei tid sidan heilt nødvendig å sikra tårnet, og dette arbeidet blei tatt som eit ekstra prosjekt utanom det vanlege misjonsarbeidet. Sjølv om tårnet er ferdig, er det ikkje ferdig betalt ennå. Så det er framleis mogleg å gje ei øyremerka gåve til dette. Takk til alle som har vore med og støtta Israelsmisjonen i dette spesielle prosjektet!

Til sommaren har me høve til å bli betre kjende med Lisbet og Christian Rasmussen som arbeider i kyrkjelyden. Christian er prest i Immanuelkyrkja. Lisbet og Christian med fire born kjem til

Stavanger i overgangen juni/juli og deltar på Israelsmisjonen sitt landsmøte på Solborg Folkehøgskole (sjå eigen annonse). Det vil vera mogleg for interesserte å delta på heile landsmøtet eller på delar av det.

Sjå brosjyre som ligg i kyrkja.

Shalom

Vi er Lisbeth og Christian Rasmussen.

Sammen med vores børn, Johan, Magnus, Amanda og Simon bor vi i Tel Aviv-Yafo, hvor vi arbejder i Immanuel Church (IC) - en luthersk menighed, som består af en dejligt farverig forsamlung mennesker.



Berit Skjeie Meyers, som har budd i Israel sidan 1956 og har vore ein viktig medarbeidar i Israelsmisjonen, fortel:



Det kom ein dag ein mann inn i Immanuelkyrkja. Han sa at han budde her i nabologat i fleire år og hadde sett kyrkjetårnet med korset på. Han spurde kvifor det ikkje var kors på kyrkja no. Han vart fortalt at korset hadde falle ned. Då sa han at de er ein ting de må gjera, det er å få opp korset att slik at alle i Tel Aviv kan sjå det. Dette var ingen kristen mann. Før han gjekk, ga han ei gåve til kyrkja for han sa: Denne kyrkja betyr utruleg mykje for alle i Tel Aviv.

No er korset kome på plass på tårnet. Det er mitt håp og mitt ønskje at denne kyrkja med korset i tårnet må bli til velsigning for folket i Tel Aviv og alle som kjem til henne.

Du kan lesa om Berit Skjeie Meyers i denne artikkelen:
<http://www.israelsmisjonen.no/artikkel/article/12386>

Det skjer stadig ting i kyrkjelyden som Bryne støttar. På bloggen sin fortel Lisbet og Christian (<http://lischris.blogspot.com>) om livet som misjonærar i Israel. For nokre veker sidan reiste kyrkjelyden på dagstur til Jizreel-dalen, der dei besøkte ein dyrepark og ei kjelde. Denne kjelda er nemnt i Domarboka i GT. Ei anna helg deltok dei i det årlege Tel Aviv ope hus. Immanuelkyrkja er faktisk så interessant, sett med israelske auge, at ho for-tener ein plass mellom dei "interessante" bygningar som er med i dette arrangementet. Christian skriv på bloggen korleis dei tok imot 800-900 menneske på denne måten, med omvisningar (som inkluderer forkynning pga dei flotte glassmaleria med bibelske motiv), konserter, minigudstenester og bokbord.

Medarbeidarane i Immanuelkyrkja er både opptatt av korleis dei kan byggja eit levande og godt felleskap for dei Jesustruande som kjenner at dei hører til i kyrkja, og av korleis dei på ulike kreative måtar kan trekkja nye menneske til kyrkjelyden. Gjennom misjonsprosjektet til Bryne kyrkjelyd kan me vera med og støtta dei med forbøn, omtanke og økonomiske bidrag.

Arne Berge



Landsmøtet skal vera på Solborg Folkehøgskole



Glaskunst i kyrkja – det nærmar seg

Bryne kyrkje gjer seg nå klar for å smykka kyrkjeromet og byen med glaskunst av Per Odd Aarrestad. Nye, tynne strekkstag til takkonstruksjonen har nå erstatta dei store trekassane som delte kyrkjerommet i to på ein dominerande måte. Før sommaren skal vindusfasaden skiftast ut til meir energieffektive og klare vindusglas. Kunstverket vil så verta montert etappevis i takt med produksjonen, og kyrkja vil få ny innvendig belysning.

Trinn 1 med fondveggen er under produksjon i lokala til Integrert Kunst AS i Kristiansand.

Biletet viser utkastet til kunst i ei av vindusflatene, lagt ut på lysbord i verkstaden.

Trinn 2 med tårnveggen er under planlegging. Realisering og bestilling vert gjort når alt er fullfinansiert. Til nå har vi fått ei fantastisk jubileumsgåve frå Time Sparebank sitt gavefond på 1,1 million og arbeidar med å få inn sponsormiddel og gåver.

Velkommen til å vera med å realisera dette store løftet for kyrkja og byen!

Støttealternativa er desse:

- Spons ei "vindusrute" med 20.000 og få eit stort, vakkert trykk av Per Odd Aarrestad
- Kjøp eit trykk av Per Odd Aarrestad til 5.000. 2 ulike trykk, som kan kjøpast på kyrjekontoret.
- Gje ei medlemsgåve til konto 3325.37.41061

- Stein Ødegård -

Reiser ut som misjonær for tredje gang

Margunn og Geir Tore Salmelid har allerede 10 års fartstid som misjonærer i Tanzania. Nå er de klar for nye utfordringer i Afrika.

13. juli tar de avskjed med de nærmeste og drar til nabolandet Kenya.

Etter planen kommer de tilbake til Lyefjell om to år. Da vil de ha vært aktive misjonærer i Misjonssambands tjeneste i mer enn en fjerdedel av livene sine.

Og Geir Tore har enda flere år bak seg på misjonsmarken. Han er andre generasjons misjonær, født i Etiopia, og oppvokst i en misjonærfamilie.

Familien Salmelid har i tillegg til mor og far 4 yngre medlemmer i alderen 9 ½ til 13 ½ år. Familien kom tilbake fra Tanzania og sin andre misjonperiode i 2007. Den eldste datteren Kamilla var bare 3 måneder da familien reiste ut første gang.



SNART KLAR FOR AVREISE: Familien Salmelid samlet utenfor huset sitt i Dueringen på Lyefjell. Bak fra venstre Renate (9 ½), Kamilla (13 ½), Joakim (9 ½), Foran Margunn Haavardsholm Salmelid og Geir Tore Salmelid. Helt til høyre Tomas (11 ½).

Tomas er født i Kenya i perioden vi var misjonærer i nabolandet, sier Margunn. Hun fikk tvillingene Joakim og Renate i Norge mellom de to periodene de var utstasjonert i Tanzania. De feirer 10-årsdagen 10. august.



SNART PÅ VEI TIL ØST- AFRIKA:

Geir Tore og Margunn Salmelid er klar for nye utfordringer.

MISJONÆRFAMILIEN

Margunn og Geir Tore Salmelid har to perioder bak seg som misjonærer for Norsk Luthersk Misjonssamband i Tanzania. Nå reiser de ut til sin tredje periode som ytremisjonærer. Denne gangen til nabolandet Kenya for en periode på 2 år. De reiste ut første gang i 1996, den gang til Tarime der de var til 2000. Fra 2001 til 2007 var de igjen stasjonert i Tarime og Kiabakari.

"Jeg hadde lenge tenkt på en tjeneste som misjonær, og svaret jeg fikk om at det var nettopp det Geir Tore brant så sterkt for, ble bekrefrende for mitt misjonskall."

Margunn Haavardsholm Salmelid

"Jeg kjente en nød for ufrøreste.
Geir Tore Salmelid

OPPDRAGET: Nå venter en ny kultur, et helt annet levesett og eksotiske opplevelser. For i nasjonalparken Serengeti, som både ligger i Tanzania og Kenya, finnes et mylder av firebeinte skapninger som gnuer, løver, leoparder, elefanter, neshorn og afrikanske bøfler. Lyefamilien skal i utgangspunktet bo i utkanten av millionbyen og hovedstaden Nairobi. Men det er ikke først og fremst eventyrlyst, natur og dyreliv som fører familien til Kenya.

Hva er det så som får et norsk ektepar i sin beste alder til å gå inn i en tjeneste så langt fra Norge?

Misjonsbefalingen i Matteus evangeliets siste kapittel har nærmest vært som en arbeidsordre til ekteparet: Gå derfor ut og gjør alle folkeslag til disipler, og lær dem er formuleringer som synes å ha blitt bestemmende for yrkesvalget til de to Lyebuene.

Hvorfor ble du misjonær?

Jeg har følt et kall til å være med i misjonsarbeid, sier Geir Tore som for alvor ble klar over at han sto foran et veivalg etter en tale på Ungdommens Landsmøte på 80-tallet.

Temaet var nettopp misjonskall, og jeg kjente en nød for ufrelste, påpeker han.

Noe av det første Margunn spurte meg om etter at vi hadde truffet hverandre var nettopp om jeg ville bli misjonær, sier han.

Margunn, med mellom navnet Haavardsholm, er fra Time. Hun traff Geir Tore på Bibelskolen Fjellhaug i Oslo, skolen som drives av Norsk Luthersk Misjonssamband.

BEKREFTELSE: Jeg hadde lenge tenkt på en tjeneste som misjonær, og svaret jeg fikk om at det var nettopp det Geir Tore brant så sterkt for, ble bekreftende for mitt misjonskall også.

Men dette modnet over lang tid, sier hun.

Jeg ville gjerne dele med andre det Gud hadde gitt meg, understreker Margunn når hun skal gi et kort svar på hvorfor hun reiser så langt for å fortelle andre om Jesus.

Han er også utdannet bedriftsøkonom etter ett år på Handelshøyskolen BI, og har fire år på det som i dag

heter Fjellhaug Misjonshøyskole.

Hun hadde yrkesutdannelse fra før, og tok derfor bare ett år på denne skolen. Margunn er utdannet lærer, og har også ett år på Gimlekollen.

Nå reiser de fra familie og venner i Norge som de ikke vil se de neste 2 årene.

På en måte vet de litt hva de går til, selv om mye er forskjellig fra de første misjonærperiodene.

Første gang vi var ute, var vi borte fra Norge i 4 år uten å være hjemme, skyter Margunn inn.

Nye inntrykk og andre å forholde seg til skaper både spenning og utfordringer.

Misionærfamilien fra Lyefjell skal stasjoneres i utkanten av hovedstaden Nairobi. Derfra skal Geir Tore pendle en del til de vestlige områdene av landet der Victoriasjøen strekker seg inn i Kenya. Landet har 34 millioner innbyggere.

VEKKELSE I VEST: Det har vært mye vekkelse i denne delen av Kenya, sier Geir Tore. – Mange er blitt kristne, og her er stort behov for ledere som kan fungere ute i landsbyene og lære opp evangelister, søndagsskolelærere og menighetsledere, sier han. På en måte blir han en katalysator for å spre evangeliet gjennom å være med å utruste lokale, kristne kenyanere til tjeneste.

Margunn skal undervise norske elever på skolen i Nairobi der Misjonssambandet har et senter.

Jeg er spent på hvordan kontakten med folk blir, sier hun og ser flere utfordringer i å krysse kulturgrenser.

Vi må lære lokalbefolkningen å kjenne, sette oss inn i tankegangen deres og få innsikt i hva de er opptatt av, sier Margunn som også ser det som en utfordring å gjøre seg forstått og kunne kommunisere med de innfødte. Og da er det viktig å trenge gjennom språkbarrierer. Vi må bruke det vi har lært av språk og lære kulturen å kjenne, sier hun.

I Kenya snakkes det over 70 forskjellige språk, men det mest utbredte er swahili. Engelsk er også utbredt.

(forts. neste side)

(fra forrige side)



LENGE TIL DE KAN LEKE HER IGJEN: Mor og far godt plassert i dissen et steinkast fra huset i bakgrunnen der de bor på Lyefjell. Kamilla er godt plantet på bakken. De andre ungene er både høyt og lavt. Øverst til venstre Joakim og Tomas. Og over hodet på foreldrene «svever» Renate.

TRYGGHET I TJENESTEN: – Mye er forskjellig fra norske forhold der vi nå reiser, sier de to som kanskje opplever det tøffest å reise fra familie og venner.
– Vi vet heller ikke helt hvordan hele familien vil trives så langt borte fra den nære omgangskretsen og dagliglivet hjemme, sier Margunn som sier at barna tidligere har reagert forskjellig på å være en del av misjonærfamilien utenfor Norge. – Men de har funnet seg godt til rette. Nå er de blitt eldre, så vi har ingen garantier, sier hun.
– Oppbruddet, avskjeden og det å etablere seg på en ny plass er kanskje det verste for oss, sier Geir Tore ettertenksomt. – Men selv om vi gir avkall på dette, er vi samtidig med i en annen familie, misjonærfamilien, sier han.
– Samholdet er sterkt og fellesskapet der vi skal virke så langt hjemmefra gir oss trygghet, sier Margunn og Geir Tore Salmelid.
LES MER PÅ:
www.lyeforsamlingshus.no



Ketil Fuglestad fortel Elias Osja, som har planteskule i Geresse, om forming av fru-

Rådgjevarar i Sør-Et

I september 2007 reiste vi, Brit Signe og Ketil Fuglestad, attende til Etiopia som misjonærar for Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM). Den etiopiske Mekane Yesus kyrkja (EECMY) hadde bede NLM om to rådgjevarar til yrkesskulen i Arba Minch. Det var dette arbeidet vi gjekk inn i. Vi hadde då vore heime i 21 år og i den tida kjøpt oss gartneri på Herikstad og flytta til Bryne.

Det var ei gild utfordring å koma attende hit. Den tidlegare yrkesskulen var nyleg gjenopna etter 2-3 vanskelege år. Nye leiarar var tilsette og ny undervisningsplan med 3 årig utdanning for bilmekaniker og opplæring på computer (informasjonsteknologi - IT) var utarbeidd. Då vi kom var det i alt 45 studentar. Skulen hadde nå fått namnet Arba Minch Mekane Yesus Technical College (AMMYTC).

Colleget har mange gode leiarar og lærarar. På dei to og eit halvt åra vi har vore har studenttalet auka til 282 stk som er fordelt på tolv klassar. Som ny yrkesretning fekk vi i 2008 starta opp med utdanning av elektrikarar. Det stort behov for denne yrkesgruppa! Brit Signe og eg kom hit for å hjelpe til med å utvikla inntektsjevande tiltak. Staten gjev inga støtte til private skular. Elevbetalinga dekker lærarlønningar, men utgiften til administrasjon, vedlikehald, elevstipend og investeringar må colleget syrgja for sjølv. Det



ikttre. Foto: Brit Signe Fuglestad

Brit Signe har mykje kontorarbeid i samband med lageret av bildeler. Alle Toyota delene blir lagt inn på eige dataprogram.

Foto: Ketil Fuglestad

På tur ved Awassa sjøen. Marabustorken som ein finn på Firkloversjokoladen, er det mykje av ved denne sjøen.

Foto: Ketil Fuglestad



Etiopia

som i dag gjev størst inntekt er bilverkstaden og salg av bildeler. Vi har avtale med Toyota i Etiopia om dette salget og det utviklar seg jamt og godt. Vi har nå eit delelager verdt ca 600.000 kr. Også Toyota Norge støtta oss i starten med oppbygginga av delelageret.

Dei lokale myndighetene gjev colleget god støtte. Dei har sendt ut oppmading til alle offentlege kontor om å benytte vår bilverkstad og pga dette har tal kundar auka monaleg.

Lokale myndigheter har også oppmoda oss sterkt til å starta med kjøreopplæring til sertifikat. Vi har no den tredje gruppa med elevar på opplæring til motorsykkel sertifikat. Det er 25 i kvar gruppe, dei fleste er menn i 25 – 50 års alderen.

Myndighetene oppmodar oss til å vidareutvikla dette med opplæring til bil og buss sertifikat. Ein 24 seters buss som ville dekka tri kategoriar av sertifikat kostar frå 100.000 – 250.000 kr alt etter om den er ny eller brukta. Colleget

har ikkje økonomisk evne til å gå til innkjøp av ein slik buss i dag. Men ei slik opplæring ville styrkja colleget sin økonomi i vesentleg grad. Kanskje einkvan vil hjelpe colleget med dette? Det ville mange her setja stor pris på.

Brit Signe og eg har mykje av vårt arbeid knytta til bilverkstaden. Den eine sonen vår har laga eit dataprogram som gjer at vi har god oversikt over alt som går inn og ut av delelageret.

Det fell for langt denne gongen å skriva om andre ting vi steller med, men nett no har vi besøk av eit ektepar frå Time. Vi ynskjer dykk ein god sommar etter den snørike vinteren.

*Med vennlig helsing
Brit Signe og Ketil Fuglestad*

 <p>Innwendig solskjerming</p> <p>Ta kontakt for gratis befaring 15 års erfaring tlf. 51 77 78 70</p> <p>ACsenteret Breimyra 14, Håland Tlf. 51 77 78 70 www.acsenteret.no</p>	<p>Erfarne folk Et uforpliktende tilbud Uten kostnader!</p>	<p>WACO Forsikringsmegling as</p>	<p>Selge bolig på Jæren?</p> <p>Ring tlf. 51 77 80 00 www.terra.no</p> <p>TERRA EIENDOMSMEGLING</p>
 <p>Alt i bøker, musikk, rekvisita, kort og hobby i Storgata 26</p>	 <p>EL-TEAM Elektronentrepreneur</p> <p>Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p>		 <p>TIME SPAREBANK -for Jæren</p>
 <p>Bo varmt og sunt i et MESTERHUS fra Serigstad Bygg</p>	<p>als Eiendom as</p>		 <p>Optiker AARSHEIM</p> <p>Optiker Rolf Aarsheim Meierigata 9, 4340 Bryne Tlf. 51 48 19 54</p>
 <p>Jærsol as</p> <p>Bjørkeveien 6 4340 Bryne. Tlf. 473 59 935 E-post: per.hareland@lyse.net</p>	<p>Innvedige persiener Utvendige persiener Lamellgardin Rullegardin Plisségardin Screenduk Markiser Terrassemarkiser Gratis måltaking!</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p>ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11. DØGNSERVICE 971 78 180</p>	 <p>Bohus® Håland Industriområde 4340 Bryne Tlf.: 51 77 84 40 • jaren@bohus.no Åpningstider Hverdager: 10-19 Lørdag: 10-15</p>
 <p>Hus for norske forhold</p>	 <p>SAGAbø HUS FOR NORSKE FORHOLD</p> <p>Jernbanegaten 9, 4340 Bryne tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no</p>		 <p>coop obs! HYPERMARKED</p> <p>Tlf. 51 77 86 00</p>
 <p>BAKERS</p>	 <p>TEAM BYGG</p>		 <p>EiendomsMegler JÆRMEGLEREN</p>
 <p>STEIN & HAGESERVICE</p> <p>BRYNE BLOKKNESSTEIN ■ NATURSTEINMUR ■ SKIFER ■ GRAVING ■ PLANTING ■ BEKLEIDNING</p> <p>Håland, 4340 Bryne tlf. 4000 7889</p>	 <p>MØBELRINGEN</p> <p>I. Bjørnsen A/S Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20</p>		 <p>SpareBank SR-BANK</p>

<p>KROGEDAL begravelsesbyrå</p> <p>DØGNVAKT 51972900</p> <p>Våre medarbeidere på Jæren Runar Apeland, Borgny Å. Skretting Brikt Goa og Oddbjørn Folde Kontor: Bryne og Sandnes</p> <p>STEINAVDELING GRAVMONUMENT PLATER</p> <p>Ny hjemmeside: www.krogedal.no</p>	 <p>Bryne Begravelsesbyrå</p> <p>Tlf.: 51 77 80 80</p> <p>Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd</p> <p>www.brynebegravelsesbyraa.no</p> <p>Reeveien 34, 4340 Bryne Døgnvakt</p>	<p>Fermate Rogaland</p> <p>Et sted for frihet og forandring Et samarbeid mellom Bethania-stiftelsen, Diakonova og Normisjon</p> <p>TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED? Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670 eller mail: fermanterogaland@emmaus.no</p> <p>Besøksadresse: Hoveveien 38, Sandnes www.fermanterogaland.no</p>
 <p>Håland Kjøtt</p> <p>KVALITET OG KUNNSKAP</p> <p>Kleppe Tlf: 51 78 69 50 Bryne Tlf: 51 48 16 33 Sandnes Tlf: 51 67 30 50</p>	 <p>Koinonia KOINONIA BOK OG MUSIKK</p> <p>Motehuset Bryne Torg Storgata 10-12 – 4340 BRYNE Tlf. 51486520</p>	 <p>Pizza Bakeren</p> <p>www.pizzabakeren.no</p> <p>51 20 77 00</p>
 <p>Johansen Elektriske as</p> <p>Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>	 <p>Murmester Heskje AS Hålandsveien 24, P.b. 270 4340 BRYNE Tlf 51 77 19 80 Fax 51 77 19 81</p>	<p>Lauritz Aarsland Tannlege Tlf. 51 48 28 93</p>
 <p>JÆREN HOTELL</p>	 <p>HELLVIK HUS Bygg med glede! www.hellvikhus.no</p> <p>Vi har alt innen trykksaker</p> <p>JÆRPRINT TRYKKERI & DESIGN</p> <p>952 99 844</p>	<p>Vil du gi en gave til Normisjon?</p> <p>Kontonr: 1503.02.13537</p> <p>Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.</p> <p>www.normisjon.no</p>
<p>Noen blader holder deg oppe ...</p> <p>Tilbud på Misjonstidende: Første året kun kr 190,- (Full pris kr 380,-) Send navn og adresse til: 40 40 60 26</p> <p>Misjonstidende AKTUELT OM MISJON OG KIRKE</p>	 <p>Få Norges største misjonsblad gratis i postkassen. Send e-post til tsjili@misjonsalliansen.no eller ring 22 94 26 00.</p>	 <p>BLI FADDER!</p> <p>www.misjonsalliansen.no 22 94 26 00</p> <p>misjonsalliansen </p>

Tre lerkesongar

I juni 1894 møtte Anders Hovden venen sin, Per Sivle, i Oslo. Sivle var då mykje sjuk. Hovden, som såg det stod därleg til, spurde kvar han budde. Svaret kom med eit underleg smil:

"Reven har hi og fuglane reir, men eg . . . Lenger kom han ikkje. Hovden, som då var prest på Lista, inviterte Per Sivle med seg heim, og han budde i prestegarden på Lista til juli 1895. Det vart eit godt arbeidsår for han. Samveret vart til gjensidig glede og inspirasjon for begge.



Arne Garborg kom også fleire gonger på vitjing, og ein vårdag i 1895 gjekk alle tre ein tur ut på Hellemyrå for å høyra lerkesongen for første gongen det året. Der ute vart dei samde om å skriva kvar sitt dikt.

"Ein hyllest til skaparverket", sa Torstein Tunheim på ei ein kulturkveld i Klepp kyrkje nyleg, og la til: "Men Anders Hovden var ein luring. Sjøl hadde han alt skrive sin hyllest, ein song om lerka. Nå ville han hjelpe desse unge venene sine som sleit med mørke tankar. Hjelpa dei til å glede seg over ein ny vår, sjå skaparverket og skriva eit dikt der lerka fekk vera med." Resultatet av det vart at Sivle skreiv: "Og vesle lerka ho hev det so", Garborg: "Å nei, for himmel rein og klår" og Hovden: "Å nei, eg høyrer lerka, for fyrste gong i år".

Dette er historia bak desse tre vidunderlege songane frå 1895, velkjende skulesongar for oss som ikkje er heilt unge lenger – eit fellesige. Me lærte dei som born, og dei syng ennå i oss. I dagens terminologi var dei "våre låtar". Kvar for seg har dikta nerve og boddskap. Nå kan du velja om det er Garborg, Hovden eller Sivle sine lerker som skal få inspirera deg denne sommaren.

emb

Arne Garborg

Vårdag
Å nei, for himmel rein og klår!
Å sæle meg, nå er det vår!
No spelar liv om land og strand;
Å sæle meg, at opp eg vann!

Å nei, for dag Vårherre gav!
Så skritt om fjell, så svalt i hav!
Så linn ei luft, så høgt om haug!
Og dette sæle solskinnslaug!

Å nei, eg høyrer lerka slå
oppunder bleike himmelblå!
Mot kvelv ho stig med songen sin;
snart når ho visst i himlen inn.

Sjå, måken ror frå klåre nut
i stille tak mot mot havet ut;
og fugl det kvitrap, kved og syng
i tun og tre, i lund og lyng.

Og å! som soli lognar trygg,
som varmeflaum om barm og rygg!
Og gjennom all den milde dag
det mjuke salte, havsens drag!

Det brydder strå, det sveller knopp,
og sevja stig i treet opp;
ein dåm det vaknar sot og tung . . .
Å sæle meg, som er så ung!



Anders Hovden

Å nei, eg høyrer lerka for fyrste gong i år!
Ned frå ein vinterhimmel ho kved så kvat om vår.
Og dimt det er i lufta og skodd har sola dult,
men den velsigna fuglen han kvitrap like fullt.

Det bankar så, mitt hjarta, og hugen tung og sår.
han opnar seg med fysne for tankane om vår.

Og midt igjennom mørker og kjøld og skoddedriv
det livnar selt for augo, det glade vårens liv.

Det flymmer over landet med sol om vang og voll,
og gauken sit på greina og gjel frå koll til koll.
Og gjennom bjørkeskogen det brusar song og
frygd,
og høgt går lyst og glede utover kvar den bygd.

Å Gud, lat meg få syngja som little fugl i sky
alt under vinterhimmel om vår og sumar ny.
Og stoggar ein og lyder med hugnad til mitt kvad
og kjänner vår i hugen, då skal eg vera glad.

Per Sivle

Og vesle lerka, ho hev det so,
at finn ho ein tuvetopp fri for snjo,
so kved ho i med sin gladaste song,
so trur ho på våren med ein einaste gong.
"Å hei! Å hi! Å tiriliti! Å tirili, tirili-ti!"

Og vesle lerka, ho hev det slik,
at finn ho ein solstråle, so vert ho rik.
Då stig ho i høgdi og trallar i lit
til sumar på jord, endå snojen ligg kvit.
"Å hei! Å hi! Å tiriliti! Å tirili, tirili-ti!"

Og lyngtuva, det er lerka sitt fat.
Der set ho seg ned, og so fær ho seg mat.
Og når ho er mett, ho takkar so glaad
Vårherre for maten, med kvitter og kvad.
"Å hei! Å hi! Å tiriliti! Å tirili, tirili-ti!"

Gud signe deg! Du er fuglen min, du!
Gud signe no deg med di glade tru!
Og møter eg kulde og snjo på min veg,
Gud gjev meg i soltru å kveda med deg:
"Å hei! Å hi! Å tiriliti! Å tirili-tirili-ti!"

(snjo = snø)

**DØYPTE****BRYNE KYRKJE**

- 07.03.10:** Mikkel Tvedt Bø, Lilja Ånestad
21.03.10: Julie Rørmark Østbø,
 Miriam Isabelle Hunshamar
28.03.10: Mina Undheim,
 Sina Stangeland Horpestad
04.04.10: Lykke Follerås Skognes
25.04.10: Aron Varhaug Norheim

TIME KYRKJE

- 14.03.10:** Herman Undheim Salte,
 Johan Vardøy Lie, Thea Hølland,
 Lisa Alvern, Kristoffer Yri
28.03.10: Edvin Hustavnes,
 Snorre Laland
04.04.10: Eline Utsola Øgaard,
 Elias Høyland Joranger
09.05.10: Nora Heigre Gjerdevik,
 Mari Hansen Høiland, Ola Haugsland

UNDHEIM KAPELL

- 02.05.10:** Håkon Undheim,
 Nikolay Dyngeland

BORN FRÅ TIME DØYPTE**ANDRE STADER**

- 28.02.10:** Kasper Byberg, Klepp kyrkje
07.03.10: Sebastian Andresen,
 Gressvik kyrkje
04.04.10: Ida Moen Skakstad,
 Farnes kyrkje
18.04.10: Aleksander Vorre,
 Olavskyrkja på Avaldsnes
25.04.10: Kristin Lidal Hovden,
 Døvekyrkja i Stavanger

VIGDE

- 05.03.10:** Hege Bjorland og Jo Laland
27.03.10: Ina Berg Hersdal og Eirik Eik
10.04.10: Mari Søyland
 og Ådne Eikeland
17.04.10: Alice Bryne og
 Martin Gya Espeland
23.04.10: Anette Gundersen
 og Runar Tegle Mæland
24.04.10: Randveig Høyland
 og Gunnar Skogstø Bryne
01.05.10: Elisa Skretting og
 Gunnleiv Garpestad,
 Edit Iren Vollsund og
 Håvard Myklebust,
 Astrid Borgenvik og
 Arild Smedsvig Kristiansen
08.05.10: Tone Steinsland og
 Tinashe Budai Mapfumba

DØDE

- Magne Haugland,
 Grethe Taksdal Nordbø,
 Gudrun Irene Grødem,
 Marit Henny Haugland,
 Marta Nedrebø,
 Bergit Glosli,
 Nikolai Steinsland,
 Klara Alvilde Blitzner,
 Jens Hetland,
 Liv Ohma,
 Marta Nærland,
 Ingeborg Gilje,
 Aud Lillian Rimestad,
 Henrik I. Aarbakke,
 Borgny Fotland,
 Kollung Søyland,
 Rakel Maria Vestly,
 Ester Eikeland

Vegen tilbake til Gud

"For så elskar Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!. Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen.



Velkommen til
gudsteneste

Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre Lima
51 48 21 33

Jonas Frøyland
41 30 04 68

Gabriel Tengsareid
51 48 28 98

før kl. 10.00

TIME KYRKJE
Frode G. Fotland
51 48 71 11
90 74 84 03

Dortea Haugland
51 48 70 04

Før kl. 09.30

Sundag 6. juni	2. s.e. pinse	Luk. 12, 13 – 21
Bryne kyrkje/Brekko Time kyrkle	kl. 11.00 kl. 11.00	Kyrkjelydstur til Brekko. Familiegudsteneste Gudsteneste. Nattverd. Løvegjeng
Sundag 13. juni	3.s.e. pinse	Luk. 9, 1 – 10
Bryne kyrkje Lye forsamlingshus Undheim kapell	kl. 11.00 kl. 10.30 kl. 10.30	Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng Gudsteneste. Dåp Friluftsgudsteneste. Dåp
Sundag 20. juni	4.s.e. pinse	Luk. 15, 11 – 32
Bryne kyrkje Time kyrkle/ Fotlandsfossen	kl. 11.00 kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp. Barnesamling Friluftsgudsteneste. Dåp
Sundag 27. juni		Joh 8, 2 - 11
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Nattverd. Barnesamling
Sundag 4. juli		Matt 16, 13 – 20
Time kyrkle	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Løvegjeng
Sundag 11. juli		Matt 16, 24 - 27
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp. Barnesamling
Sundag 18. juli		Jes. 49, 13 – 16
Undheim kapell	kl. 10.30	Gudsteneste
Sundag 25. juli		Matt 7, 21 – 29
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp. Barnesamling
Sundag 1. august		Luk 12, 42 – 48
Time kyrkle	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Løvegjeng
Sundag 8. august		Joh 6, 66 – 69
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Nattverd. Barnesamling
Sundag 15. august		Sal 32, 1 – 5
Time kyrkle	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Løvegjeng
Sundag 22. august		Matt 12, 33 – 37
Bryne kyrkje Lye forsamlingshus/ Lyeparken Undheim kapell	kl. 11.00 kl. 12.00 kl. 10.30	Dåp. Jungelgjeng Friluftsgudsteneste. Dåp Gudsteneste. Dåp
Sundag 29. august		Matt 5, 38 – 42
Bryne kyrkje Rosseland Time kyrkle	kl. 19.00 kl. 11.00 kl. 11.00	Kveldsgudsteneste. Nattverd Gudsteneste Familiegudsteneste. Dåp. Konfirmantpresentasjon. Løvegjengen deltek
Sundag 5. september		Joh 5, 1 – 15
Bryne kyrkje Lye forsamlingshus Undheim kapell	kl. 11.00 kl. 10.30 kl. 10.30	Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng Gudsteneste. Nattverd Gudsteneste.